

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 12. august 2024

Tid: 12.08.2024, kl. 18-19.30

Stad: Vestnes bibliotek

Deltakarar: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Ellen Lundgren, Tore Tomren og Morten Øveraa

Sakliste:

1) Gjennomgang av referat frå sist møte. Referatet vart godkjent.

2) Oppdatering av heimesida (innhald og praktisk utføring).

Webansvarleg Tore Williksen måtte beklagelegvis melde forfall til styremøtet. SoMe- konsulent J.R.R. Tomren kunne heller ikkje møte. Ho kan gjerne ta på seg ein rådgivande funksjon – mot eit vederlag på 1000 kr. Dette lyt styret tenke grundig igjennom.

Informasjon om medlemsskap og vipps-nummer skal no framhevast både på Facebook-sida og heimesida. Elles vil Morten ta kontakt med Williksen for tips som kan betre heimesida. Styret vedtok i møtet at Wiiliksen, som i ei årrekke har utført eit særskilt viktig arbeid for sogelaget, skal få 1500 kr i årleg honorar.

3) Verving av nye medlemmar. Eit forslag om å produsere sogelags-«merch», med iaugefallande tekst og bilde, vart teke imot med merkbar entusiasme. Kanskje kan dette vere nøkkelen til å generere interesse, og auke medlemstal, for sogelaget? Det vart semje om at styremedlem Frostad, som har ein humor tilpassa målgruppa, skal produsere fengande og lattervekkande fraser, sokalla «memes», som kan trykkast på t-skjorter, etc. Desse produkta vil me i tilfelle bestille via Tomra Konfeksjon.

4) Planlegging av komande aktivitetar:

- Mali Furunes-utstillinga er allereie realisert. Einar Baltzersen kjem forhåpentlegvis til å fortelje om Furunes-artikkelen han har skrive i høve lanseringa av årsskriftet

- Foredragskveld med Kristoffer Dahle på biblioteket, 24. september, kl. 19.
Foredraget er titulert «Vestnesmyrane – ein Rosetta-stein for å forstå jern- og mellomalder i Vestnes». Dette blir ganske sikkert eit interessant og relevant arrangement, men styret kan tenke seg ei justering av tittelen – i alle fall bør «Vestnesmyrane» endrast til «Furlandsmyrane»
- Fotokveld med fokus på dei austlege deler av kommunen på Gjermundnes, 24. oktober. Jørn Inge skal høyre med skulen når det gjeld lokale og ev. matservering
- Morten tek ansvar for flytting av AO Sand-utstillinga frå Romsdalsmuseet til Vestnes bibliotek i oktober
- Lansering av årsskrift i november – enten den 13. eller den 14. Manus til boka skal leverast 1. oktober

5) Sponsing av årsskriftet. Dette arbeidet er godt i gang. Mange av bedriftene på lista er rett nok enno ikkje spurd, men dei som har gitt tilbakemelding er i stor grad positive. Me har eit mål om å avslutte dette arbeidet innan 1. september.

6) Eventuelt. Liv Signy ønsker å foreta nokre endringar på regnskapets kontoposter, inspirert av systemet til Romsdals sogelag. Elles er sogelagets økonomi frisk og rask. Morten skal høyre med ordførar samt rådgjevar Ingrid Skjegstad om sogelaget kan sleppe å betale leie for lageret på Myra. Her er det trass alt snakk om oppbevaring av dokument som har historisk verdi for kommunen som heilhet.

7) Neste styremøte: Vestnes bibliotek, 1. oktober, kl. 19.

Nerås, 13.08.24.

Referent: Tore Tomren